

Referat Justvik FAU 28.11.24

Tilstades:

1. trinn: Torje Stray
3. trinn: Camilla Heien
4. trinn: Ann Kristin Gram (referent)
5. trinn: Tone A. Sagen
6. trinn: Renate T. Hansen, Stine Maria Lømsland og Hanna K.S. Korsvik (vara)
7. trinn: Cecilie T. Nygård

FAU-leiar: Elizabeth Christensen (møteleiar)

Rektor Leif Anders Haanes i delar av møtet.

Forfall: Representant frå 2. trinn

Sak 1: Referat frå forrige møte

Referatet godkjennast utan kommentarar.

Sak 2: Informasjon frå rektor

Rektor informerer om at det er travle dagar på skulen, mykje som skjer før jul. Beskriv det som koseleg og mykje engasjement, men også fokus på å leggja til rette for dei som synes desember er vanskeleg.

Temaperiode «skaparglede» no, ulik profil på kvart trinn. Bl.a. fokus på idear og entrepenørskap. Neste temaperiode blir etter jul, då er tema «livsmeistring». Dette blir eit spennande tema, som spenner vidt. Hatt det som tema i personalgruppa, fordelt kven som skal jobba med kva og kvart trinn har planlagt. Vidare skal personalgruppa ha fagdag på Jegersberg gård i samband med temaet.

Elles beskriv rektor at det er roleg og stabilt i personalgruppa. Litt permisjonar, eksamenar og slikt nett no, men ikkje meir enn at det løyser seg.

Økonomisk sett er ein ca i balanse, og det er bra.

Sak 3: Den sosiale handlingsplanen

Rektor informerer om den sosiale handlingsplanen for skulen. Ein har opplevd behov for å gjera endringar i korleis planen var utforma, og har brukt ny mal. Ynskjer at det er eit levande dokument som kan brukast konkret. Skal evaluerast x2/år (januar og august), og ein går då gjennom faste evalueringspunkt.

Ein har jobba godt med dette i tilsettgruppa, med tema som «kven er vi?» og «korleis ynskjer me å jobba for ein best mogeleg skule for barna?». Opplevast som ein fin og viktig måte å jobba konkret med verdiar og korleis ein best kan laga gode fellesskap.

Planen har blitt tatt opp i elevrådet i forrige veke, og det er ynskjeleg med innspel frå FAU på det som går på foreldre-skule-samarbeid.

Det er ynskjeleg å publisera planen før jul, det vil komma beskjed frå rektor når denne er klar. Viser til dette for ytterlegare informasjon kring planen.

Sak 4: Temakveld

Som nemnt på forrige møte har rektor eit ynskje om at ein legg opp til ein felles temakveld for foreldre og lærarar. Lærarane får avsett tid til å delta på eit slikt møte i.l.a. vårsemesteret. Det opplevast som hensiktsmessig og nyttig at ein får til ein slik møteplass der ein får same informasjon, kan snakka saman og dra i same retning.

Rektor har framleis tanke om at det hadde vore nyttig med eit tema som går på sosialt arbeid og kommunikasjon. Han har vore i kontakt med Ingrid Lund ved UiA som arbeider med det som kallast «Dialogmodellen», som er ein modell for forebygging m.t.p. bl.a. mobbing, men dette er ikkje eit aktuelt tema for eit slikt forum. Det er meir aktuelt å få til i ei anna form. Han har også tenkt på å evt. kopla på områdekontakt Katrine Kristiansen, som veit det meste om det som rører seg i nærområdet. Ho kan tenka seg å koma til eit slikt møte, og rektor tenker det kan vera nyttig både for foreldre og lærarar. Det avtalast at han tek kontakt med henne og undersøker dette nærare. Meir informasjon kjem etterkvart.

Oppfordrast igjen til å setta dato så snart som råd.

5. Overbygg utanfor inngongen til SFO

Det har kome inn ei sak til FAU med spørsmål om mogleik for å få til eit overbygg/tak ved inngongen til SFO, som le mot vér og vind.

Justvik skole er framleis ny, og eit slikt overbygg vil vera ein veldig stor kostnad. Skulen innehar ikkje midlar til dette, og p.t. er det lite sannsynleg at kommunen vil gå inn med midlar til ei slik oppgradering.

Rektor er tydeleg på at dette ikkje er noko han kjem til å spela inn, men han informerer om at FAU kan melda det inn på vegne av oss sjølv dersom ein tenker at det er noko ein ynskjer å gå vidare med. FAU konkluderer med at ein ser utfordringa, og undrar seg over at dette ikkje vart planlagt annleis då skulen vart bygd, men tenker at ein ikkje vil gå vidare med dette no. Dette spesielt sett i lys av Kristiansand kommune sine økonomiske utfordringar der ein sannsynlegvis blir nøydde til å leggja ned skular.

6. Gjennomgang av rapport og plakat knytt til «Barnas digitale hverdag»

Viser til pkt. 5 i referat frå FAU 24.10.24 for bakgrunnsinformasjon. FAU går i dag gjennom rapport og plakat etter undersøkinga som vart gjort i vår, og «språkvaskar» denne. Rapporten er meint som bakgrunnsinformasjon til personal- og foreldregruppe, plakaten er retta mot barna og tenkt at kan hengast opp på skulen/i klasserom.

Både rapport og plakat vil sendast til rektor og personalgruppa for gjennomgang, og så vil den publiserast i etterkant.

7. Eventuelt:

Det kjem innspel om at ein burde ha laga noko form for informasjon til nye foreldrekontaktar/FAU-medlemmer om kva for rolle og ansvar ein har i samband med vervet. Mange som kjenner seg usikre på dette.